

Vinje kommune  
Åsne Skjøtskift Øygarden

**Dykkar ref.**  
2026/958

**Vår ref.**  
14/414-104/KES

**Dato**  
25.03.2026

## Vinje kommune – namn på ein veg i eit bustadfelt i Rauland – tilråding

Me syner til eit brev som Åsne Skjøtskift Øygarden i Vinje kommune skreiv til stadnamntenesta i Språkrådet 10. mars i år.

Saka gjeld namnsetjing av ein veg som skal byggjast på bruk 71 på garden Nystog (gnr. 136 i Vinje kommune). Dette bruket er matrikkelregistrert med namnet *Mobø II*. (På nettsida *Se eiendom* er dette feilskrive som «Mobø li», men dette har ikkje noko å seie i denne saka. Jamfør med det som står på sida med adressa [Mobø - stadnamn.no](https://www.kartverket.no/til-lands/stadnamn/).) Det aktuelle bustadfeltet på staden er kalla *Mobø*. Me har ingen merknader til framlegget om å late den vegen det er tale om her, få namnet **Mobøvegen**.

Me minner om at alle adressenamnedtak skal meldast til Kartverket ([post@kartverket.no](mailto:post@kartverket.no)) og til Språkrådet ([post@sprakradet.no](mailto:post@sprakradet.no)). (Jf. med § 9 i forskrifta til stadnamnlova). SSR-registrering av adressenamna skjer no automatisk når ein legg namna inn i matrikkelen. (Sjå det som står på adressa <https://www.kartverket.no/til-lands/stadnamn/handbok-for-navnebehandling#heading-10619>). Melding om vedtaka skal likevel sendast til Kartverket og Språkrådet.

Med helsing frå

Rune Røsstad  
stadnamnkonsulent



**Postadresse**  
Postboks 1573 Vika  
NO-0118 Oslo

**Besøksadresse**  
Observatoriegata 1 B  
NO-0254 Oslo

**Sentralbord**  
+47 22 54 19 50

**E-post**  
[post@sprakradet.no](mailto:post@sprakradet.no)  
**Internett**  
[www.sprakradet.no](http://www.sprakradet.no)

**Organisasjonsnummer**  
971 527 404

Daniel Gusfre Ims  
avdelingsdirektør

Kjell Erik Steinbru  
seniorrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.*

**Mottakar:**

Vinje kommune

**Kopi til:**

|            |                         |      |          |
|------------|-------------------------|------|----------|
| Kartverket | Postboks 600<br>Sentrum | 3507 | HØNEFOSS |
|------------|-------------------------|------|----------|

**Vedlegg:**

Vinje kommune – namn på ein 146183  
veg i eit bustadfelt i Rauland –  
brevet frå kommunen